

Kan ho verkeleg
vera så forferdelleg?

«Sola vil gjera deg blind»,
seier far hans.
«Ho vil brenna huda di»,
seier mor hans.
Det er tryggare her
nede under bakken.
Men Rambel får ikkje fred.
Han drøymmer om sola.


Rambel har aldri sett sola.
Han bur langt under bakken
og har levd heile livet
i tussmørket.

Ein dag då mor og far er borte,
pakkar han sekken
og drar mot overflata.
Tunnelen dit er sperra av eit ras,
men Rambel har sterke hender.
Han kan grava seg gjennom.

ILLUSTRASJON: Johanne Eikå Bergill
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

© Nynorsksenteret 2019

I enden av tunnelen er det lyst.
Sterkt lys gjennom grønne lauv,
så skarpt at det gjer vondt å sjå på.
«Blir eg blind no?»
tenkjer Rambel.
Men det er for seint å snu.



Rambel og sola

AV ASBJØRN RYDLAND

Rambel myser med auga
og dyttar lauvet til side.
Han drar pusten djupt inn.
Så går han ut av opninga.
Han står der lenge,
og smiler då han kjenner
varmen mot ansiktet.